

INTENSJONSAVTALE

	Firmanavn:	Kvam herad (KH)
	Org. Nr:	944 233 199
	Besøksadresse:	Grovagjelet 16
	Postadresse:	5600 Norheimsund
	Kontaktperson:	Jon Nedkvitne
	Tlf sentralbord	56 55 30 00
	Tlf/mob	97 95 32 74
	e-post	jone@kvam.kommune.no
	Firmanavn:	Hordaland fylkeskommune (HFK)
	Org. Nr:	938 626 367
	Besøksadresse:	Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen
	Fakturaadresse:	Postboks 7900, 5020 Bergen
	Kontaktperson:	Jostein Fjærstad
	Mob:	466 20 557
	E-post:	Jostein.fjaerestad@hfk.no

1. FORMÅL MED AVTALEN

Avtalen er forhandla fram på bakgrunn i vedtak i skulebruksplanen for Hordaland fylkeskommune (HFK) i sak PS 72/2016 Rullering av skulebruksplanen 2017-2030:

Det vert innleia samtalar med Kvam kommune for å sikra ny tomt til den vidaregåande skulen sentralt plassert i Norheimsund.

Føremålet med avtalen er å avklare tomt og reguleringsforhold for eit felles bygg, uteområde og tilkomst for den vidaregåande skulen i Kvam og kommunale tenester/funksjonar for Kvam herad (KH).

2. TOMT

Det aktuelle området for etablering av eit felles bygg er tomta til den tidlegare ungdomsskulen (gnr 11, bnr 112) saman med nærliggjande areal som naturleg kan høyrer sammen med ungdomskuletomta (gnr 11 bnr 30, gnr 11 bnr 262, gnr 11 bnr 12, gnr 11 bnr 18, gnr 11 bnr 23). Tomta og hovuddelen av dei aktuelle nærliggjande areala er eigd av KH. KH vil selja naudsynt del av tomta til HFK slik at eit felles bygg/parkering/uteområde kan bli realisert på tomta. Nærmore planavklaring kan involvera private naboeigedommar til Kvam herad sine eigedommar.

Den vidaregåande skulen kan bli realisert i to fasar der eit bygg for verkstadane for utdanningstilbodet innan TIP og Elektro kan bli bygd før det felles hovudbygget.

3. REGULERING

Partane startar hausten 2019 i fellesskap eit reguleringsarbeid for det valte tomteområdet (inklusiv tilkomst) med siktet på å fastleggja krav og moglegheiter for realisering av det nye felles bygget. Begge partar bidrar med ressursar til å fylgja opp arbeidet og for å sikra ein rask gjennomføring. HFK skaffar nødvendige eksterne reguleringsressursar.

4. KOSTNADER

Kostnader til tomt og til reguleringsarbeidet vert dekka av partane etter eigardel (%) av det nye bygget. Dersom den vidaregåande skulen blir bygd i to fasar, så vil arealet i fase 1 inngå som ein del av totalbygget. Dersom ein av partane krev det, så skal det nyttast to godkjente takstmenn for verdifastsetting av tomta.

HFK forskotterer kostnader til ekstern bistand i reguleringsarbeidet.

5. FRAMDRIFT

Overordna framdrift:

- Start av reguleringsarbeidet tidleg haust 2019
- Ferdig reguleringsplan innan utgangen av 2020
- Start programmering av felles bygg 2021

6. IDRETTSSAREAL

KH er eiger av idrettshall like ved den aktuelle tomta for ny vidaregåande skulen. HFK vil kunne nytta hallen til gymnastikk og har difor ikkje behov for å etablera slike lokale sjølv. Det blir etablert ein eigen leigeavtale for dette.

7. ATTERHALD


Begge parter er avhengige av politisk godkjenning, og avtalen er inngått med etterhald om at den blir godkjent i dei respektive politiske organa.

Avtalen er òg inngått med etterhald om godkjenning av reguleringsplanen og byggesøknadane for nye bygg for Kvam vidaregåande skule og kommunale tenester/funksjoner på tomta definert i denne avtalen..


8. AVTALAR SOM SKAL INNGÅAST SOM OPPFØLGING AV DENNE AVTALEN

- Samarbeidsavtale bygging/leige og bruk av bygg
- Leigeavtale idrettshall

Sted/dato:Nhs, 23.5.19


Anita Hesthamar, rådmann
Kvam herad

Bergen, 27.5.19
Sted/dato:


Ingrid H. Svendsen, konst. fylkesrådmann
Hordaland fylkeskommune